

# norsk bridge

Medlemsblad for Norsk Bridgeforbund  
nr. 2 - jun. 2013 - 19. årgang

## Lagfinalen:

# Nok et gull til TopBridge



Skuffende Nordisk på Island



# MED 5 % RABATT SPILLER DET KANSKJE INGEN ROLLE OM DU GÅR BEIT AV OG TIL?



MIDNATTSOLEN GIR 24 TIMERS DAGSLYS

Hurtigruten er den beste måten å oppleve de norske



VÅRI ÅLESUND



VAKRE HØSTFARGER



NORDLYS UTE OG  
BRIDGE INNE



## JUBILEUMSTILBUD

Medlemmer i Norsk Bridgeforbund får

**5%** rabatt

Gjelder alle reiser med Hurtigruten på Norskekysten i 2013. Rabatten gjelder kun på ordinære priser.

Hurtigruten og Norsk Bridgeforbund har inngått en samarbeidsavtale. Nå kan du som medlem i NBF glede deg til en sjøreise med vakker natur, deilig mat, komfortable lugarer og bridge om bord på Hurtigruten. Alle medlemmer får 5 % fast rabatt på individuelle reiser med oss. Kysten vår er spesielt vakker om sommeren. Fra dekk kan du se den norske naturen på sitt aller beste med frodige blomsterenger, gigantiske fossefall, dype skoger, majestetiske fjell og vakre fjorder. Det intense dagslyset varer hele døgnet, og de spennende utfluktene og opplevelsene du kan bli med på underveis, gjør at du med glede holder deg våken om natten.

*Bli med reisen du alltid har drømt om. Bestill i dag!*

Du bestiller reisen din på telefon 810 30 000.

Vennligst oppgi at du er medlem i Norsk Bridgeforbund ved bestilling.



**HURTIGRUTEN**

Leiar .....	2
Presidentens hjørne.....	3
Lagfinalen.....	4
Vestvågøy BK 40 år .....	16
Bedriftsmesterskapet .....	22
Nordisk – open klasse .....	24
Nordisk – damer.....	32
Nordisk for juniorlag.....	34
Organisasjonsdagene .....	42
Ole K. Sara – nekrolog .....	44
Bridge for alle på Tenerife .....	45
Festivalinfo .....	50
Bridge for de relativt ferske .....	62
Villy Dam .....	64
Kort fortald.....	66
Rekrutteringskampanjen 2013-2015 .....	70

**NORSK BRIDGEFORBUND**  
 Sognsveien 75 A  
 0855 Oslo  
 Telefon: 47 47 94 00  
 (mandag–fredag 12.00–16.00)  
 E-post: bridge@bridge.no  
[www.bridge.no](http://www.bridge.no)  
 Bankkonto: 5002.05.01585  
 Postgiro: 0814.51.95102

**REDAKTØR ERLEND SKJETNE**  
 Mobil: 974 75 164  
 e-post: erlend@gammagrafisk.no  
 Ramsharts vei 1c, 7020 Trondheim

**LAYOUT**  
 AIT Oslo AS


**ANNONSER**  
 Ansvarlig: Erlend Skjetne  
[erlend@gammagrafisk.no](mailto:erlend@gammagrafisk.no)  
 Annonserpriser: Etter avtale  
 Annonsemateriell leveres skriftlig,  
 med e-post, eller brev.

**TRYKK**  
**Grøset™**  
 Opplag: 9.000

Neste utgivelse  
 september 2013  
 Innleveringsfrist  
 31. august 2013

Trykk: GROSET™





Sidan den førre utgåva av dette bladet har mange interessante tevlingar gått av stabelen, og fleire av dei vil bli omtala nærare i dette bladet.

Lagfinalen i Ålesund vart rekordjamn. Han stadfeste noko vi skreiv om i førre nummer, og som ein neppe treng å ha vunne Nobelprisen i rakettforsking for å hevde, at nivået i toppen av norsk bridge er godt, men jamt, at ingen skil seg veldig ut – om ein då ikkje reknar med dei to nordmennene som no spelar med Monacos flagg på brystet.

Dei norske talenta Kristoffer Hegge og Kristian Stangeland vann rett før påske den internasjonale ungdomstevlinga White House Juniors i Amsterdam, interessant nok som representantar for Argentina, medan fire andre norske juniorar i påska, på heimebane, tok heim sigeren i Nordisk meisterskap for ungdom. Desse seks vil saman forme det norske U25-laget i Ungdoms-EM for nasjonslag no til sumaren, og bør ha brukbare sjansar til å gjera det godt der. Men då Noregs opne lag, med ei heilt ny samansetjing, skulle prøve seg i si utgåve av Nordisk

meisterskap, på Island i slutten av mai, gjekk det derimot ikkje bra. Inne i mitt siste år som junior hadde underteikna den store æra å få spela både desse meisterskapane, fyrst på Hamar i lag med ungdommane og så på Island på det opne laget. Juniorbridgen er morosam og spennande, og sjølv om det finst mange talentfulle og ivrige unge spelarar, er nivået i denne klassa naturlegvis ekstremt ujamt. Slik må det nesten vera. I open klasse, derimot, blir det gjeve lite ved dørene, anten det no er VM, EM eller berre Nordisk det dreier seg om. Ein kan føle at ein spelar greitt nok og likevel knapt få poeng, eller i beste fall middels. Landslagskaptein Christian Vennerød er svært seriøs i arbeidet med landslaget, og gjer rett i å vera ambisiös, men i siste instans er det dei norske spelarane sjølve som verkeleg må arbeide knallhardt og spela mykje utanlands og mot dei beste, for å ha sjansar til å lykkast over tid. Ein må rett og slett byrja ein stad, det tek lang tid å få den naudsynte rutinen. Juniorbridgen kan på si side seiia noko om framtida på endå lengre sikt: Med eit godt toppsjikt av juniorar no i dag, finst det eit fundament for det opne landslaget også om mange år.

Denne sumaren er det òg Ope EM i Ostende i Belgia, og som vanleg reiser mange nordmenn til dette arrangementet, som går føre seg i oddetalsår.

Neste gongen, i 2015, vil det svært truleg bli NBF og polarbyen Tromsø som står for arrangementet, og Ungdoms-EM vil etter alt å døme hamne på same stad. La oss vone at dette slår positivt ut for bridgen både i Nord-Noreg og i Noreg som heile land, og ikkje minst for den norske juniorbridgen. Med to fulle år til å finslipe teknikken, bør vel Noreg – om vi no altså i tillegg får heimebanefordelen – også kunne ta sin del av medaljane i desse meisterskapane?

Uansett om Noreg i augneblinken ikkje er den bastionen landet har vore innan internasjonal bridge, skal det bli ein svir å møte att gamle kjende – og vonarleg og mange nye andlet – under Bridgefestivalen i Fredrikstad i august. Arrangementet vil truleg gjennomgå visse strukturforvandlinger innan neste sumar, men i år blir oppleget det velkjende som har fungert svært godt svært mange gonger før. Det er viktig at folk tek turen for å prøve å bli betre spelarar. Men det store og populære arrangementet, med ei variert og fargerik brukargruppe, er også ein fin arena for sosial trenings, der ein kan lære mykje om medmenneskelegheit og toleranse.

Vi sjåast!

*Erlend Skjetne,  
redaktør*



I forbindelse med årets Åpent EM i Ostende, vil NBF signere avtalen med Det europeiske bridgeforbundet (EBL) om å arrangere Åpent EM og Ungdoms-EM i Tromsø i 2015. Det betyr at arbeidet med å få EM til Norge tar et viktig steg i riktig retning. Vi har fått bevilgning på 5,8 millioner kroner av RDA-midler i Troms fylkeskommune, men det mangler fortsatt 3 – 4 millioner kroner. I og med at arrangementene ikke er fullfinansiert, vil det i avtalen tas forbehold om at den resterende finansieringen må på plass senest innen utgangen av oktober. Hvis vi ikke klarer det vil avtalen kanselleres.

Sist vi hadde Bridge-EM i Norge var i 1969. EM vil være en viktig vitamininnsprøyting for bridgen i Nord-Norge, men også i hele landet. EM vil gjøre bridge synlig som en samfunnsviktig aktivitet. Sammen med sjakk-OL i 2014 kan vi sette tankesport på kartet.

**Min oppfordring (eller kanskje bønn) til dere alle er å hjelpe oss med å skaffe 3 – 4 millioner kroner, slik at vi så fort som**

### **mulig og senest i oktober kan bekrefte avtalen med EBL.**

Hvis du vet om bedrifter eller andre som kan være aktuelle bidragsytere, håper jeg du tar kontakt med oss. Vi er veldig nære å lykkes med å få de to EM-arrangementene.

I april var det Kretsledermøte og Organisasjonsdager på Gardermoen. Det var utarbeidet et variert faglig program for de rundt 90 deltakerne på Organisasjonsdagene, hvor rekruttering og fornyelse av turneringstilbudet var sentrale tema. Boye Brogeland holdt innlegg om hva som er viktig for å bli en god spiller, et foredrag som engasjerte forsamlingen – alle satte pris på at Boye ønsket å bruke tid på å dele sine erfaringer med oss. Mer om dette lenger ut i bladet.

I det hele tatt har vi grunn til å være stolt av landslagsspillerne våre. Jeg var så heldig å få følge landslagstroppene til årets Nordisk mesterskap på Island nå i mai. Det som slår meg etter disse dagene sammen med spillerne og lagkapteinene, er hvor seriøse, engasjerte og godt forberedte de var. Det legges ned en betydelig innsats fra både spillerne og landslagskapteinene som gir grunnlag for optimisme framover.

I skrivende stund har juryen for kåringen av Årets ildsjel, besluttet hvilke fem av de ti

nominerte som går videre til folkeavstemningen. To klubbstipend er lyst ut og blir delt ut i høst. Dette er tiltak for å fremheve den innsatsen som gjøres av medlemmene på klubbnivå. Vi jobber også med å lage et ”frivillighetsprogram” for å rekruttere frivillige til EM i 2015, men også til alle de andre aktivitetene som gjennomføres i løpet av et år hvor frivillig innsats er en forutsetning. Målet med frivillighetsprogrammet er å rekruttere flere frivillige og gjøre det frivillige arbeidet mer synlig og verdsatt. Gjennom å delta i programmet skal man få noe igjen i form av kompetanseheving, kunne spille gratis i deler av den turneringen man jobber i, eller i en annen turnering mv.

Da er det igjen tid for å se fram til sommerferie, og det går fort til Juniorleiren, Nybegynnerfestivalen og Bridgefestivalen i Fredrikstad. Jeg vil få ønske dere alle en riktig god sommer og ferie, og håper vi ser mange av dere i Fredrikstad i begynnelsen av august.

*Med vennlig hilsen*

*Jan Aasen,  
president*

Gullvinnarane TopBridge: Frå venstre Trond Hantveit, Sam Inge Høyland, Jon Aabye, Tolle Stabell, Jon-Egil Furunes og Arve Farstad



Av Erlend Skjetne

# TopBridge til topps

Årets finale i NM for klubblag, denne gongen arrangert av Bridgeklubben Grand i Ålesund, vart den mest spennande på lenge: Før siste runde kunne fire lag vinne gull! Men til sist var dei eldste eldst: TopBridge tok det heim.

BK Grand arrangerte Lagfinalen også i 2010, og så vellykka var det den gongen, at det ikkje var grunn til å rekne med eit dårlegare arrangement i år. Som venta innfridde BK Grand – og så var det opp til spelarane å innfri ved kortbordet. På startlista i år stod, forutan det førehandskvalifiserte laget frå arrangørklubben, sju habile lag. Dei fleste heldt nok Heimdal bridgeklubb for favorittar, for laget var trass alt identisk med det som vann fyrstedivisjon tidlegare i år, berre med den skilnaden at Glenn Grøtheims makker Ulf Håkon Tundal var bytt ut med den ikkje ukjende Geir Helgemo. Men fjorårsvinnarane frå Bergen akademiske bridgeklubb var òg til stades, med

identisk mannskap, Ski med fire svært sterke spelarar, Kristiansand likeins med eit solid mannskap. Bodø BK Lyn, Nærø bridgeklubb og arrangørklubben Grand var kanskje derimot forventa å få det noko tyngre. Men sluttresultata skulle ikkje bli heilt som ekspertane hadde spådd.

Etter Nordisk for juniorar på Olrud i påska, var Lagfinalen i Ålesund det fyrste store norske arrangementet til å ta i bruk den nye VP-skalaen, som går frå 0 til 20 med desimalforskellar for kvart einaste IMP. Det er ingen tvil om at denne skalena er meir rettferdig, fordi kvart IMP tel, og ein unngår

at eit einskilt IMP kan koste eit heilt VP. Ulempen, som riktig nok ikkje er så viktig, er naturlegvis at det blir tungvint å hugse og snakke om resultata: Ingen går rundt og memorerer dei eksakte desimalane frå kvart kampresulat, ein må berre seia at ein vann 14 eit eller anna mot 5 eit eller anna. Men ein kan fort få endå meir spennande avslutningar med denne skalaen: I år skilde det til slutt under 3 VP mellom dei fire øvste laga! Eg har ikkje rekna på det, men det er langt frå umogleg at pallen hadde vorte sjåande annleis ut om den gamle skalaen framleis hadde vore i bruk i denne tevlinga.

Etter ein effektiv og poengtert opningsseremoni om morgonen Kristi himmelfartsdag, der styreleiar i BK Grand Arnt Ola Fidjestøl vikarierte for den sjuke ordføraren i byen, og visepresident i NBF Per Watz erklært arrangementet for opna, kunne speltinga endeleg byrja. Tevlingsleiar under finalen var Terje Lie.

Allereie i fyrste kampen var det duka for nokre overraskingar. Fjorårsvinnarane frå Bergen gjekk rett på ein skikkeleg smell, tap 17,92 – 2,08 mot Ski. TobBridge tapte for Nærø, Kristiansand for arrangørklubben, medan Bodø allereie her viste musklar og slo Heimdal. Det hadde ikkje vore usakleg å tippe motsett vinnar i alle desse fire kampane.

Eit spel i fyrste kamp baud på ei utspelsprøve for vest, og – om han fann utspelet – på ei interessant teknikkøving for sør.


♠ AJ9874

♥ 864

♦ 765

♣ 9

♠ 5  
♥ AJ9  
♦ A10982  
♣ J642



♠ Q3

♥ Q10532

♦ J4

♣ KQ75

♠ K1062

♥ K7

♦ KQ3

♣ A1083

Sør opnar 1 grand, nord overfører med 2 hjarter, makker doblar og sør seier 2 spar. Det verkar plausibelt å kjempe med 3 hjarter, men då går det 3 spar i nord og 4 spar frå Håvard Larsen i sør. Kva er riktig utspel frå vesthanda? Når ein sit bak grandopnaren med såpass fine verdiar er det kanskje lurt å velja noko passivt, spar eller kløver, som vel å merke har den ulempen det kan rulle opp den aktuelle fargen, alternativt at det kan forsvinne eit hjarterstikk for forsvarer – aust har jo relativt ofte hjarter konge.

Underteikna freista hjarter ess; då var det ti kabalstikk. Umiddelbart kjendest det som eg hadde tråkka på kontrakten, men den står faktisk uansett. La oss seia det kjem kløver ut til esset: Det kan i seg sjølv tyde på at vest har hjarter ess, og speleførar kan vel nærmest rutinemessig trumfe ein kløver i stikk to. Så spar til kongen, og no må ein stela ein ny kløver – noko som vel å merke er feil om kløveren sit 6-2 og aust kan stela over. Men går dette bra kan ein ta for spar ess og spela ruter til kongen. Vest kan stikke og fri seg i ruter, eller dukke om han vil, ein får uansett spela den siste kløveren til steling, og så er det gratis å fri seg i ruter. Vest blir automatisk innspela.

Bodø heldt fram i riktig retning ved å vinne 16,53 – 3,47 mot Nærø i andre kamp, medan TopBridge fekk ein kjapp revansje ved å slå Kristiansand 16,77 – 3,23. Heimdal vann så vidt over Ski og Bergen så vidt over Grand.


Denne kampen baud på nok eit par teknikkøvingar i speleføring. I fylgjande kasus svikta fleire.



Håvard Larsen

♠A42  
♥A86  
♦Q1083  
♣865

♠Q98  
♥K93  
♦K9  
♣J7432



♠J10763  
♥J74  
♦A  
♣AKQ9


I BBO-kampen mellom Bodø og Nærø gjekk det to passar til sør som opna 1 spar, og etter ein Drury-sekvens der sør ikkje nemnde kløveren sin, vart han speleførar i 4 spar. Liten kløver kom ut til tiaren og dama, og det ser ut som kontrakten kanskje dreier seg om å finne sparen, altså gissemål på kven som har honnør dobbel. Men det kan òg vera sjansar for å få kasta ein hjarter på kløver og stole ein hjarter. Sør byrja med spar ti rundt til kongen, og derifrå kom hjarter attende til knekten og kongen. Då den vart lasjert var kontrakten eigentleg beit: Vest visste vel nesten sikkert korleis kløveren sat etter det som skjedde i fyrste stikk, kombinert med det faktum at makker ikkje spela kløver attende inne på spar konge, så å gje aust ei kløversteling var ikkje vanskeleg no. Men då han heldt fram med hjarter stod det igjen. Sør spela plausibelt nok då han no tok spar ess og prøvde kløveren frå toppen i von om å få kaste ein hjarter i bordet, men dette heldt ikkje aktuelt.

Poenget er at det er gratis å ta med seg sjansen for ruterkongen dobbel, altså ruter til esset – og så fyrst spar til esset. Når ein no stel ein ruter og kongen kjem ramlande, er kontrakten heime ettersom det enno ligg ein trumf att som inntak til den godspela ruter dame. Det var berre to av dei sju para som spela 4 spar som vann kontrakten, Tor Bakke – Jim Høyland og Terje Aa – Allan Livgård.

Spelet under var vel endå meir rutinemessig, men det instruktive poenget kan vera interessant for ferskare spelarar:

♠A94  
♥73  
♦A6532  
♣542

♠86  
♥Q1052  
♦J76542  
♣10




♠KQ1053  
♥AK86  
♦94  
♣J9

Etter 1 spar i opning i sør og ei opplysende dobbling i vest, er det fint å bruke 2 hjarter som ein god lyft i spar. Etter denne innleiringa kom underteikna som den einaste i salen i 4 spar, ein knallhard, men brukbar utgang. Vest spela trumf ut, som gjekk til knekten og kongen. Utspelet har tvunge deg til å gjera det riktige. Viss du straks stel ein hjarter, må du sleppe motparten inn før du kjem deg inn på handa, og då spelar dei ny trumf på deg. Du må maksimere sjansane dine ved fyrst å dukke ein ruter. Om det sit til dømes som det gjer i diagrammet, vil ikkje forsvaret ha nytte av å spela ny trumf, for då kan du legge ned ruter ess og spela ruter til steling, og har dei stikka du manglar når ruteren brekkjer.

Lagfinalistane imponerte ikkje akkurat på det fylgjande spelet frå andre halvdel av andre kamp.

♠A84  
♥J83  
♦9853  
♣AKQ

♠J963  
♥Q10642  
♦AK107  
♣-



♠4  
♥975  
♦QJ642  
♣J1063

♠KQ1072  
♥AK  
♦-  
♣987542

Espen Erichsen

Kva vil du vera i på korta nord – sør her? 7 kløver er ein glimrande kontrakt, 7 spar heller ikkje därleg, og vesleslem i både dei svarte fargane er jo praktisk talt nedlegg ... om det ikkje sit så borti staur og veger som det gjorde denne gongen: Når korkje sparen eller kløveren brekkjer kan ein ikkje vinne meir enn elleve stikk nokon stad.

Val av opningsmelding kan få litt å seia; opnar ein 1 kløver kjem motparten kanskje på banen, men om det går 1 spar – pass, som det gjorde på mitt bord, seier ein jo 2 kløver og får straks ei splintermelding, og då bør det vera ei smal sak å melde minst vesleslem. Eg følte meg temmeleg trygg på eit buttspel då makker gjekk ei beit i 6 spar, men det vart 10 IMP ut, og internettet fortalte meg seinare at kontrakten på alle andre bord i salen hadde vore berre 4 spar. Den einaste grunnen til at spelet ikkje vart heilt katastrofe på butlaren, var at to speleførarar ikkje eingong greidde utgangen sin! Dei vart vel så forfjamsa over ha å ha brent ein glimrande storeslem at dei ikkje vigde utgangen serleg tankeverksemd.

Meldeteknikken var ikkje serleg betre på dette spelet, men her gjorde eg sjølv den same kardinalfeilen som mange andre.

♠A94

♥104

♦AQJ1062


♣A8

♠10873

♥KJ863

♦94

♣103



♠KQJ6

♥Q

♦K5

♣KJ7642

♠52

♥A9752

♦873

♣Q95

Fleire meldte vann 6 kløver, som står på kløverkutten, medan sylvmedaljør Tarjei Eck Hansen fekk heim den interessante kontrakten 6 spar, som er beit med beste motspel. Men toppkontrakten er med god margin 6 ruter, og dit var det ingen som kom. Den ville vore grei å melde med gamaldagse metodar, opning 1 ruter og hopp til 3 ruter i nord, men “problem” er at nord i moderne bridge naturlegvis opnar 1 grand. Då har ikkje mange apparat til å få vist ruterfargen etterpå, sjølv om det sant å seia bør vera opplagt iallfall når sør som no melder Stayman: Nord skal jo berre hoppe til 3 ruter. Det må vise ein god sekskortsfarge som her, og å melde slem blir ei smal sak for sør.

Som eit apropos kan nemnast ei hand som dukka opp i femte kamp; der såg grandopninga slik ut:

♠A102

♥KJ

♦AQ9843

♣Q3

Nok ei fin hand for å hoppe til 3 ruter over makkers Stayman. Ruterfargen er riktig nok litt därlegare enn ein skulle ynskje, men den store føremonen det er å få vist fram langfargen sin og strukturen på handa, veg opp for dette. Makker hadde:

♠54

♥A1082

♦K7

♣AK942


Over 3 ruter melder han enkelt 6 ruter. Aktuelt er jo til og med storeslem glimrande, men på åtte av åtte bord i Lagfinalen var kontrakten 3 grand. Skuffande!

I tridje runde var det fin symmetri i resultata: Heimdal vann 14,32 – 5,68 over Nærø, Bodø med same tal over Kristiansand, medan TopBridge vann 17,92 – 2,08 mot Bergen og Ski med same siffer mot Grand. Bergen og Kristiansand hadde fått ein skral start; førebels var det Bodø og Ski som låg best an.

Nærø leia etter fyrste helvta i kampen sin mot Heimdal, men så kom heldigvis ein halvrunde med stort potensiale, mellom anna eit spel der rutinerte kortkunstnarar kunne briljere med skivisteknikken sin.

♠9864  
♥J8  
♦QJ106  
♣963


♠QJ105  
♥KQ65  
♦32  
♣1075



♠7  
♥10973  
♦AK4  
♣KJ842

♠853  
♥Q10863  
♦7  
♣AKQ8

♠QJ7  
♥9542  
♦A8  
♣J543



♠10642  
♥J7  
♦J5432  
♣92

♠AK9  
♥AK  
♦KQ1096  
♣1076

Etter 1 grand i aust, Stayman i vest og 2 spar som svar, kjem sør imellom med ei opplysende dobbling. Vest redoblar og nord seier 3 ruter, og så går det pass, pass og 3 spar, og lyft til utgang av grandopnaren. Kontrakten ser ut til å hengje på at ein får stole to ruter i bordet, men dobblinga har åtvara om at det kan sitja skeivt. Det kjem ruter ess ut til liten og styrke, deretter liten ruter til dama i nord, kløverskift til dama og kongen og ny kløver til esset. Om ein prøver å stela to ruter i bordet, kjem ein seg ikkje heim for å ta ut trumfen om han sit 4-1. Ein må då stela ein kløver og får ein trumftaper til slutt. Ein bør stela ein ruter og så ta for spar dame og knekt. Når det kjem for dagen at trumfen sit 4-1, må det ein skvis til: Hjarter til esset og ytterlegare to rundar trumf set sør i ei kattepine, han kan umogleg halde ti, ni fjerde i hjarter og kløver knekt. Både Terje Aa og Sven-Olai Høyland vann 4 spar på ein slik måte.

I fjerde runde gjekk også Ski på ein smell, tap 16,53 – 3,47 mot TopBridge som no verkeleg var i siget. Bodø tapte omsider også, 14,63 – 5,37 for Bergen, medan det for Kristiansand verkeleg byrja sjå stygt ut, med tap 18,61 – 1,39 for Nærø. Heimdal vann så vidt det var over Grand.

Glenn Grøtheim er ein hyggeleg kar som eg ynskjer alt godt, men for fylgjande spel – som eg ikkje hadde tenkt at skulle hamne i Dagbladet – fekk han kritikk av sin makker Geir Helgemo.

Grøtheim i sør opna 2 kløver, for å vise handa si som ein 20-21-grand over makkerens 2 ruter. Helgemo overførde til hjarter og sa så 4 kløver, naturleg. Det skal seiast at Grøtheim nok burde slått av i 4 grand no, med berre fem kort i makkers fargar, men han sa 4 ruter, kontrollmelding. Helgemo hoppa til 6 kløver, ein tvilsam, men interessant kontrakt.

Vest spela ruter ess ut – og skifta deretter spar dame. Er ikkje dét ganske suspekt? 2 grand-opnaren har kontrollmeldt ruter og har kongen der, så all den tid vest har dame, knekt i spar er det eit merkeleg val å ikkje spela ein av dei ut ... om han då ikkje, som no, trur han sit på eit trumfstikk. "Æ hadd seila kløvertier'n," erklærte Helgemo, og det er vanskeleg ikkje å tru på han. Om vest er synsk nok til å dekkje tiaren er det fort gjort å spela han for niaren òg, men i praksis legg han jo liten på kløver ti. Grøtheim valde å spela ess og konge i kløver først, og hadde vel framleis sjansen då niaren ramla ....? Jo, men han avblokkerte ikkje kløver ti under den andre kløverhonnøren, og hadde dimed ikkje kommunikasjon til å spela på anna enn kløveren 3-3. Éibeit.

Bortsett frå dette spelet var korta i fjerde runde litt flatare enn i tevinga elles. Allereie i femte kamp vart det meir interessant igjen. Her heldt TopBridge stø kurs mot målet med siger 15,23 – 4,77 over Grand. Nærø vann 14,78 – 5,22 over Bergen, som det ikkje såg så lyst ut for no. Heimdal vann så vidt det var over Kristiansand, Bodø cirka like mykje over Ski, etter å ha lege under klårt ved halvtid.

Geir Helgemo trudde han hadde eit godt resultat på blokka i fylgjande spel frå Heimdals oppgjer med Kristiansand. Så feil kan ein ta.

<p>♠AQ8 ♥AQJ976 ♦KQ ♣A6</p> <p>♠K1042 ♥K105 ♦J53 ♣K105</p> <p>♠63 ♥82 ♦A109642 ♣843</p>	<p>A circular diagram with four points representing cardinal directions: North (N) at the top, South (S) at the bottom, East (E) on the right, and West (W) on the left. The center of the circle is labeled 'G' (Game). The top half of the circle is shaded grey, while the bottom half is white. The left and right sides of the circle are also shaded grey.</p>	<p>♠J975 ♥43 ♦87 ♣QJ972</p>
---	--	---

Helgemo sat i sør, og i gunstig sone valde han å opna 3 ruter, ei fornuftig avgjerd i mine augo. Glenn Grøtheim kunne ha kontrollmeldt 4 kløver no, men innsåg at det neppe var ein god idé å hjelpe motparten med utspelet her, så han klaska berre 6 ruter. 4 kløver hadde nok vorte dobla, og med kløver ut står det berre elleve stikk, så meldinga var fin. Valet av ein trumf ut er det likevel vanskeleg å ha sympati for etter dette meldingsforlaupet, men no vel – 6 ruter gav 920.

På alle andre bord i salen var kontrakten 4 hjarter – bortsett fra på eitt, det var mot Terje Aa og Allan Livgård. Erik Dahl i sør opna veike 2 ruter, og Nils



Erik Dahl

Kåre Kvangraven melde 2 hjarter som krav. Dahl slo av i 3 ruter, men Kvangraven melde likevel Blackwood og fekk eit ess, og innsåg vel at dette kanskje fort var eit slikt 5- eller 7-spel, der ein like gjerne kan vera i 7 som i 6 ... riktig nok gjeve at forsvaret finn utspelet. 7 ruter vart meldt, og så skulle Terje Aa spela ut. Hjarter er naturlegvis utelukka. Trumf er det normale mot storeslemmar, men Aa tenkte forståeleg nok at det kanskje var greitt å få banka vekk eit inntak frå bordet der den gode hjarteren ligg. Diverre fall valet på ein spar og ikkje ein kløver. Erik Dahl måtte berre knipe att augo og ta sparkappen, spela konge, dame i ruter, spar ess og spar til steling, ruter ess og hjarter til kutt. 1440!

No som det har handla mest om ymse egg her, kan det høve godt med eit direkte pent spel til ei forandring. Det var Lars-Ove Remvik for arrangørklubben som produserte denne speleføringa mot Stabell og Furunes frå TopBridge.

Remvik i sør opna 1 hjarter og høyrd 2 ruter inn frå Jon-Egil Furunes, 2 hjarter frå makker og 2 spar. No sa han 3 ruter, truleg kortfargeinvitt, og fekk 4 hjarter frå makkeren. Singel spar ut gjekk til knekten og esset, og Remvik heldt fram med hjarter til tiaren – fyrste føresetnad for å lykkast var jo å finne dama. No tok han også hjarter konge, noterte seg at dama fall, og spela spar til kutt. Det gjekk bra, vest hadde ingen trumf att. Etter spar konge og spar til steling, var det berre å spela ruter og stela sparen som kom attende, trekkje aust sin siste trumf og prøve kløver mot



Lars-Ove Remvik

kongen. Då det også ordna seg var 420 i hus, ingen dårleg score med 21 kombinerte honnørpoeng og åttekortstilpass. På det andre bordet var kontrakten 3 hjerter med ni stikk, og i heile salen var det ingen andre som vann 4 hjerter.

Etter fem rundar hadde TopBridge teke ei klår leiing, men Heimdal hadde ikkje gjeve opp enno, nettopp fordi dei framleis ikkje hadde møtt TopBridge. Det skulle skje i sjette runde, ein aldri så liten finale, der poenga ville telja dobbelt for desse to laga. Det såg unekteleg lyst ut for Heimdal etter fyrste halvrunde, dei leia 47-6. Men TopBridge slo attende i andre halvdel – eller var det Heimdal som sjølv hadde skulda? – og sluttresultatet vart berre 13,48 – 6,52 i favør Heimdal. Det var litt lite, ikkje minst då Bodø slo Grand 16,04 – 3,96. Då Bodø og TopBridge skulle møtast i siste runde, ville Heimdal vera avhengige både av at desse to laga spela jamt, og at dei sjølv fekk til ein storsiger mot Bergen. Det skal seiast at Bergen og Kristiansand båe var heilt hekta av på dette tidspunktet, i sjette runde spela dei jamt seg imellom, medan Ski slo Nærø 12,76 – 7,24, slik at båe laga framleis hadde medaljesjansar.

Fordi om kampen mellom Kristiansand og Bergen ikkje hadde den store tydinga for nokre av laga, førekom det god bridge der. Fylgjande spel hadde eit snedig sluttpoeng, som rutinerte Tor Bakke var vaken

og fekk med seg. Dette gav han prisen for tevlingas beste spel; Jim Høyland skreiv om det i bulletinen.

♠J86	
♥KJ7	
♦KQ4	
♣9843	
<b>♠Q1092</b>	<b>N</b>
<b>♥A962</b>	<b>V</b>
<b>♦AJ8</b>	<b>G</b>
<b>♣106</b>	<b>Ø</b>
<b>♠K7</b>	<b>S</b>
<b>♥Q85</b>	
<b>♦963</b>	
<b>♣AKJ75</b>	
♠A532	
♥1043	
♦10752	
♣Q2	


Mot kontrakten 3 grand i vest spelte Bakke ut ruter konge og fekk svakheit hjå makker. Bakke skifte spar til esset hjå Jim Høyland, og derifrå kom ruter attende. Odin Svendsen stakk med esset, ei klok avgjerd, for det blokkerte sorten. Men når kløver ti no gjekk rundt til dama og Høyland spela ruter til dama, hadde Bakke oversikt: Han såg ei rekke ståande kløver i bordet, men òg at spar konge låg der og blokkerte speleførars sparstikk. Difor la han ned hjerter konge, slik at aust måtte bruke opp inntaket til sparstikka sine. Så lenge speleførar ikkje hadde ess, ti, ni i hjerter, ville hjerter knekt bli beitestikket.



Tor Bakke fekk prisen for beste spel under Lagfinalen. Her til høgre, flankert av makker Jim Høyland

Spelet var interessant også i kampen mellom TopBridge og Heimdal: Arve Farstad valde ei svært konservativ line då han passa i opning med ellevepoengaren i vest, noko spesielt med to tiarar og to majorfargar, og han vart straffa då Jon Aabye opna 1 kløver og passa ned svaret hans, 1 hjarter. På det andre bordet hadde Geir Helgemo, som opna på vesthanda, nemleg ingen vanskar med å vinne 3 grand, til og med med overstikk på en småpen skvis.

På eit tidspunkt i denne kampen då TopBridge sårt trong nokre IMP, kom det ein måtten kalle eit typisk Helgemo-spel, ein intrikat kontrakt der korta måtte spelast i rett rekjkjefylge.



Mange vann 4 spar nord – sør her, men dei fekk gjerne eit fordelaktig utspel. I BBO-kampen kom det mest kritiske utspelet, ruter, ved både bord. TopBridge sin sør stakk med dama i bordet og spela kløver til kutt og tok ei kløversteling, for deretter å prøve hjarterkutten. Terje Aa i vest vann og fridde seg med hjarter til esset, og då speleførar no dukka ein spar, stakk Allan Livgård ganske enkelt over knekten og spela den siste kløver sin til makkerens spar ess, og måtte deretter få beita på spar ti.

Helgemo fann ei kvassare speleføring då han etter ruter ut til dama og kløverkutten, ikkje tok av seg kløver ess, men derimot dukka ein spar, vann ruterreturnen og dukka nok ein spar. Ingenting kunne beite han lenger. Clouet var å innsjå, tidleg nok, at den beste sjansen her nettopp er å spela på sparesettet dobbel på ei av sidene. Om ein prøver å få med seg



Geir Helgemo


andre variantar vil det lett kunne gå som det gjorde på det andre bordet. Ein kan ikkje basere seg på å stela to kløver i bordet, for sjølv om den som stel over den siste kløveren stel med eit originalstikk i spar, risikerer ein å ikkje få teke hjarterfinessen. Det fekk jo TopBridge sin speleførarar, men då den rauk skulle han gjerne ha nytt hjarter knekt som eit avkast for den siste kløveren sin, men det rakk han altså ikkje å få til. Helgemo påstod at spelet var rein matematikk, og har nok heilt sikkert rett – igjen.

Det var ei endring i programmet i år: Medan ein tidlegare har spela 32-spelskampar, og har måttet hatt den sjuande og siste kampen sundag morgen etter banketten, ynskte BK Grand å kutte ned til 28 spel per kamp og stramme inn opplegget såleis at siste kamp skulle gå laurdag ettermiddag. Det trur eg nok spelarane var glade for, for det er unekteleg litt hyggelegare å vera på bankett når ein slepper å grue seg for å stå tidleg opp og spela ein avgjerande kamp morgonen etter.

Altså: Laurdag ettermiddag byrja den siste og avgjerande kampen. For å kunne vinne gull var Heimdal no avhengig av ein stor siger sjølv, mot Bergen, pluss eit forholdsvis jamt resultat i kampen mellom TopBridge og Bodø BK Lyn – og at Ski ikkje måtte koma for hurtig spurtande bakfrå. For både TopBridge og Bodø ville ein brukbar siger vera nok til å ta gull. Utviklinga vart tilnærma perfekt for eit spent publikum sin del.

Heimdal hadde bra tak på Bergen. Fylgjande spel tok kaka. 3 grand på 21 honnørpoeng kombinert, utan

anna enn sjukortstilpass i nokon sort, det er kanskje ikkje å tilrå i lagkamp eingong? Men når enden er god er allting godt.

	<span style="font-size: 2em;">♠</span> J9842 <span style="font-size: 1.5em;">♥</span> 92 <span style="font-size: 1.5em;">♦</span> KJ1092 <span style="font-size: 1.5em;">♣</span> 4	
<span style="font-size: 2em;">♠</span> A53 <span style="font-size: 1.5em;">♥</span> 87 <span style="font-size: 1.5em;">♦</span> A3 <span style="font-size: 1.5em;">♣</span> AQJ762		<span style="font-size: 2em;">♠</span> Q76 <span style="font-size: 1.5em;">♥</span> 1064 <span style="font-size: 1.5em;">♦</span> Q754 <span style="font-size: 1.5em;">♣</span> 103
	<span style="font-size: 2em;">♠</span> K10 <span style="font-size: 1.5em;">♥</span> AKQJ5 <span style="font-size: 1.5em;">♦</span> 86 <span style="font-size: 1.5em;">♣</span> K985	

Glenn Grøtheim greidde imponerande nok å overtala Geir Helgemo til å spela med mykje av sitt eige system i denne tevlinga, og det var dét som fekk Helgemo til å opna i 2 ruter, den famøse konvensjonen Grøtheims, på nords hand. Grøtheim hadde ikkje nemneverdig tilpass til det ein vel kunne forvente var spar hjå makker, men i sona ville han ikkje la ein potensiell utgang gå ifrå seg, og spurde med 2 grand. Vest kom imellom med ei dobbling, men Helgemo svara likevel på det han vart spurd om: 3 grand viser 5-5 i spar og ruter. Pass rundt, kløver ess og kløver dame ut frå det som nok var ein veldig håpefull vest. Men han vart kanskje litt skuffa då makkeren hadde singel kløver. Grøtheim spela omgåande ein ruter, og så var det spotlight på vest. Han skulle nok innsett at viss sør har ruterdama vil det bli vanskeleg å beite dette uansett (kanskje ikkje viss ho er dobbel, riktig nok, og også viss sør har fire småe ruter er det jo case for å legge liten). At han dukka ruteren gav Grøtheim ein sjanse, han gjekk opp på kongen og spela spar til tiaren. Framleis kan vest beite ved å returnere spar, for sør har berre eitt sparstikk, fem hjarterstikk, eitt ruterstikk og eitt kløverstikk. Men då han no bestemte seg for å godspela kløveren, fekk Grøtheim det etterlengta niande stikket sitt servert. 600 var ein einsam topp sjølv i ein lagfinale breiddfull av action.

Mellom TopBridge og Bodø var det mykje fram og attende, og med Ski på cirka like mange poeng som

desse to og Heimdal, veksla det mykje på tabellen no som desimalane rår.

Sam Inge Høyland bidrog godt til at det gjekk som det gjekk i gullstriden, då han skulle velja utspel frå fylgjande hand etter meldingane 1 grand – 2 kløver Stayman; 2 spar – 3 grand frå motparten.

**♠ Q107  
♥ J63  
♦ 743  
♣ K1062**

Opnaren har spar og blindemann sannsynlegvis hjarter, så det freistar ikkje å røre majorfargane. Spørsmålet blir då om ein skal velja ein aktiv kløver eller ein passiv ruter. Det var ei ganske tilsvarande hand tidlegare i Lagfinalen, med 3-3-4-3-fordeling, der passivt utspelet av ein ruter trefte makker med femkorts.

<p>♠ A3</p> <p>♥ K1074</p> <p>♦ A108</p> <p>♣ QJ754</p> <p>♠ Q107</p> <p>♥ J63</p> <p>♦ 743</p> <p>♣ K1062</p>	<p>A circular diagram with four points representing cardinal directions: North (N) at the top, South (S) at the bottom, East (E) on the right, and West (W) on the left. The letters N, S, E, and W are placed above, below, to the right of, and to the left of the center point G respectively. The letters are in green.</p>	<p>♠ 8654</p> <p>♥ A95</p> <p>♦ KJ962</p> <p>♣ 3</p> <p>♠ AKJ92</p> <p>♥ Q82</p> <p>♦ Q5</p> <p>♣ A98</p>
---	---	--

Tolle Stabell fekk heim 3 grand med kløver ut frå Espen Larsen, medan Tarjei Eck Hansen gjekk beit då Sam Inge Høyland produserte ruter sju, toppen av ingenting, ut til niaren frå Trond Hantveit og dama. Merk at niaren var eit viktig kort å leggje dersom utspelet var frå dobbelton; vest må ha endå ein ruter å spela når han kjem inn. Speleførar kunne vinne kontrakten sin uansett, men det fordrar at han får banka ut aust sin hjarter ess før han går på kløveren, ei vanskeleg speleføring. Høyland var einaste mann som spela ruter ut mot 3 grand, det kom seks gonger



Tarjei Eck Hansen

kløver og éin gong spar elles i salen – og Eck Hansen var åleine om å gå beit, utan at nokon eigentleg kan klandre han for det.

Spelet kom mot slutten av tevlinga, og TopBridge ville nok ikkje vunne gull utan ruter ut frå Sam Inge.

Endå litt seinare kom eit tilfelle der det var sjansar for å briljere med eit klassisk triks. Bodø vann spelet mot TopBridge, men det var diverre ikkje nok.


♠9532

♥K72

♦J5

♣J1076

♠A104  
♥J5  
♦Q873  
♣8542



♠KJ876

♥9

♦K9

♣AKQ93

♠Q

♥AQ108643

♦A10642

♣-

Med beste motspel og speleføring står det elleve stikk i kløver og ti stikk i spar aust – vest, og mange var med til 4 spar eller 5 kløver, men ein populær sluttkontrakt var 5 hjarter i sør. Bodø var mellom dei

som fekk 5 hjarter dobla. Diverre for forsvert kom det kløver ut, og då hadde Tarjei Eck Hansen ingen vanskar med å vinne kontrakten. Det interessante er om det kjem trumf ut, som bør vera mogleg å finne dersom aust har synt eit tofargehånd med spar og kløver. Det er fort gjort å gå beit då, så lenge aust er på høgda og skifter spar etter ruter ess og ruter: Vest kjem inn og spelar ny trumf, og ein får ikkje stole dei naudsynte to ruterane i bordet. Men kontrakten står i teorien med hjarter ut òg, ser du korleis? Ein må opp på kongen i fyrste stikk og spela kløver knekt frå bordet, og når aust dekkjer kastar ein spar dame! Det er det gamle saksecoupet, å bryte motpartens sin kommunikasjon ved å kaste ein tapar i ein kritisk farge på ein annan tapar. Det kan verke litt søkt å spela slik, men viss meldingsforlaupet har vore avslørande nok, er det slett ikkje umulig å sniffe den aktuelle sitsen. Om aust skulle vera heilt synsk



Spelarar og publikum fylgjer dei siste spela med stor interesse



Jon Aabye på banketten

og la vera å dekkje kløver knekt, verkar det riktig nok meir naturlig å stela den og vone at aust til dømes har same hand som no, berre med både ess og konge i spar, slik at vest manglar inntak ... Men no vart det kanskje i overkant hypotetisk her; det morosame er å sjå at slike lærebokspill faktisk innimellom dukkar opp i praksis.

Det var ekstremt spennande å stå og fylgje med på dei aller siste minutta av ramakampen mellom TopBridge og Bodø, men etter dette spelet var det endeleg klårt kven vinnaren vart. Bodø vann ikkje nok IMP på å få heim 5 hjarter dobla; TopBridge heldt fyrsteplassen. Men det var nok til at Bodø iallfall fekk sylvet, framfor eit skuffa Heimdal på bronsesplassen, og eit like skuffa Ski på fjerdeplass. Elles må ein kunne seia at Nærø og Grand på høvesvis femte og sjette leverte cirkা som forventa, medan Bergen og Kristiansand på høvesvis sjuande og åttande utvilsamt var dei store vonbrota i tevlinga.

Gratulerer med gullet til Sam Inge Høyland og Trond Hantveit, det mestvinnande norskeparet i dei største norske tevlingane dei siste åra, til ringrevane Arve Farstad og Jon Aabye, og til Jon-Egil Furunes og Tolle Stabell, som i Ålesund spela si fyrste tevling saman nokon gong! TopBridge vann i 2009, tok bronse i 2011 og no altså gull igjen 2013, så det skal bli spennande å sjå kva dei finn på i 2015.

Gratulerer også til Bridgeklubben Grand og mange eldsjeler der – ingen nemnde, ingen gløymde – som skipa til nok ein glimrande lagfinale, avslutta med



Sylv til Bodø BK Lyn. Frå venstre Idar Lyngen, Håvard Larsen, Espen Larsen, Jørn Åselid, Tarjei Eck Hansen



Bronse til Heimdal. Frå venstre Allan Livgård, Glenn Grøtheim, Terje Aa, Geir Helgemo, Erlend Skjetne

ein svært hyggeleg bankett laurdag aften. Det er i skrivande stund ikkje klårt kvar Lagfinalen går om eit år, men neste gongen det blir i Ålesund kjem eg iallfall gjerne attende.

## Sluttresultat

<b>1</b>	88,35	TopBridge BC	Hantveit - Høyland - Farstad - Aabye - Furunes - Stabell
<b>2</b>	87,35	Bodø BK Lyn	Larsen - Åselid - Larsen - Hansen - Lyngen
<b>3</b>	86,78	Heimdal BK	Livgård - Aa - Skjetne - Erichsen - Helgemo - Grøtheim
<b>4</b>	85,45	Ski BK	Thoresen - Ovesen - Halderaker - Ellestad
<b>5</b>	68,03	Nærø BK	Fryerland - Ueland - Nesdal - Herland - Søiland - Ueland
<b>6</b>	56,25	BK Grand	Haram - Hesseberg - Hartvigsen - Remvik - Fidjestøl - Storsten
<b>7</b>	51,81	Bergen Akademiske BK	Høyland - Eide - Bakke - Høyland - Fyrun
<b>8</b>	38,46	Kristiansand	Kvangeren - Svendsen - Baumann - Stornes - Dahl

# Kragerøcup 2013

Lørdag 31. aug. kl. 11.00/søndag 1. sept. kl. 10.00  
på Kragerø vidergående skole

**Startavgift:** Kr. 1000 per par

Forbundspoeng

**Premiering:** Ved fulltegning kr. 10.000 til vinnerparet. Ellers pengepremier til beste 1/4 og sesjonspremier

**Turneringsleder:** Trygve Lisland

**Kontaktperson:** Stig Karl Johansson, 98 00 40 10, s-karljo@online.no

**Påmelding:** bridge.no

# Kragerø-mixen

28. sept. kl. 10.00  
på Restaurant Admiralen i Kragerø

**Startavgift:** Kr. 500 per par

Kretspoeng

Pengepremier


**Turneringsleder:** Trygve Lisland

**Kontaktperson:** Aase Lotsberg, 975 86 123, aaselo@kktv.no

**Påmelding:** bridge.no

Av Erlend Skjetne

# Solskinsbridge i Lofoter



Den første helga i juni feira Vestvågøy bridgeklubb sitt 40-årsjubileum med todagars lagtevling i vakre Mortsund nær Leknes. Atten lag fann vegen til ei svært sosial og hyggeleg tevling, som vårgudane signa med solskin og kortgudande med mange spennande spel.

Den nydelege naturen er i seg sjølv grunn meir enn god nok til å vitje Vestvågøy og Lofoten, men når ein i tillegg får spela bridge og møte tallause nye og gamle vener, alle like gjestfrie, er jo lykka eigentleg fullkommen. Til overmål klappa det altså såleis at vêret var fantastisk denne helga, og på slike dagar trur eg ikkje nokon med hjernen intakt for alvor kunne føretrekt den lengste sandstrand i det billegaste Syden-paradis framfor Mortsund. På denne vesle staden driv noregsmeister i bridge Stein Statle, i lag med brørne sine og mor si, eit stort kompleks av rorbuer til uteleie. I den store hovudbygninga med resepsjon og liknande, var det plass nok både til tevlinga på dagtid og bankett med taler og høg sigarføring laurdag kveld. Tilreisande spelarar budde godt i rorbuer av aller høgste standard, med alle fasilitetar pluss balkong med havutsikt.

Underteikna var invitert oppover for å spela med Håvard Kolbeinsen frå Harstad, ein hyggeleg kar som skal gifte seg i juli, og like godt tok bridgehelga i Mortsund som ei form for utdrikningslag. Storsjarmørane Bård Risnes og Henrik Gosvig var lagkameratane våre. Det heile var arrangert bak ryggen på brudgommen, som ei overraskning, og jamvel om eg for min del ikkje ville vore serleg nøgd med å få meg sjølv som makker, verka det som Kolbeinsen hadde ei fin helg. Det hadde saktens vi andre òg.

Atten lag må seiast å vera svært bra påmelding til ein innovasjon som denne tevlinga. For min del synst eg det er fint at det blir arrangert reine lagtevlingar over to dagar, det er ikkje for mange av dei i Noreg per i dag. Tevlingsleiar Are Utvik valde eit format der ein fyrst spela ti kampar monrad, og så, basert på resultata etter desse ti kampane, ein rein finale mellom fyrsteplassen og andrepllassen, tridjepllassen og fjerdeplassen, etc. – slik at ein ikkje kunne bli betre enn nummer to om ein låg som nummer to etter dei innleiande ti rundane, ikkje betre nummer fire om ein låg som nummer fire.

Vinnarar av tevlinga vart lag You'll Never Walk Alone frå Mo i Rana, med Tommy Kristiansen – Roger Fagerdal og Bernt Hagen – Brynjar Karlsen.



*Odd Hjalmar  
Torrisen,  
formann i  
Vestvågøy  
bridgeklubb*



*Brudgom  
Håvard  
Kolbeinsen*



*Tevlingsleiar  
Are Utvik*

Dei låg på fyrste etter ti kampar og vann også finalen sin mot Team Lovely Planet, som bestod av Stein Statle – Espen Torp og Peter Marstrander – Are Sivertsen.

I fylgjande spel var det underteikna som vart fullstendig bondefanga mot nettopp Hagen og Karlsen på vinnarlaget, av ein gamal rakkav ein konvensjon. Kva gjer du om motstandaren til venstre i ugunstig sone opnar Ekkens 2 ruter, både major, makker passar og aust melder 4 spar, med denne handa her?

♠97  
♥9  
♦A954  
♣AK7642

Eg fall for freistinga å melde 5 kløver. Ein veit jo ikkje kva slags spel dette er, om motparten har meldt 4 spar mest på fordeling – då kan det stå mange stikk i kløver – eller på råstyrke – då kan det vera ein god stamp. Eg har jo masse minorverdiar, medan motparten har major, så kor gale kan det liksom bli?

<p>♠Q64 ♥J1063 ♦Q10762 ♣10</p> <p>♠KJ52 ♥Q7542 ♦83 ♣93</p> <p>♠97 ♥9 ♦A954 ♣AK7642</p>	<p>♠A1083 ♥AK8 ♦KJ ♣QJ85</p>
--	--

Svaret er: Heilt forferdeleg. Med ess, konge i kløver og ein tridje kløver ut, må ein vera temmeleg synsk for å vinne 4 spar, ein må stela med kongen og segle knekten, så felle niaren og ta ut den siste trumfen, gå inn i bordet på hjarter dame og til slutt finne



ruter. 5 kløver vart dobla og koste inkje mindre enn 800. I ettertid trur eg nok at aksjonen min var for sjanseprega. Eg har så gode motspelskort at det litt for ofte vil vera beit både vegar. Uansett er spelet eit fint døme på dei store fordelane med slike aggressive konvensjonar som Ekkens; veike grandopningar er litt i same gate: Av og til blir motparten sperra ut, men så skjer det altså òg at dei kastar seg ned og hamnar langt ute på glattisen fordi dei *trur* dei er i ferd med å bli sperra ut.

I eit seinare spel får du ei motspelsprøve:

♠KQ632  
♥65  
♦KQ4  
♣A54

♠94  
♥Q10874  
♦1097  
♣873

Nord opnar 1 spar og sør seier 2 kløver, nord 2 spar og sør 3 grand. Du har utspelet, og valet fell jo heilt opplagt på ein hjarter, den lengste og beste fargen din. Makker vinn med esset og spelar hjarter ni opp igjen, til knekten og dama di. Kva no? Det er fort gjort å spela hjarter ti attende, sjølv om ein veit at sør har kongen. Av og til i motspel er det riktig å berre godspela sorten sin sjølv utan inntak, fordi det set press på speleførar og i alle fall ikkje gjev nokre favorar. Men ein har så dårlige kort her at ein nok bør velja ei meir aggressiv tilnærming om det skal kunne bli beit, altså finne eit skift. Sør har meldt kløver, så den sorten er utelukka, men skal ein då velja ruter

eller spar? Ein har jo fleire ruter, og til og med ein sekvens ... Men det er nok eigentleg opplagt at spar må vera det riktige: Sør hoppa jo til 3 grand over 2 spar, så sparen er han neppe serleg uroleg for, men han bør ha hald i den umelde ruterfargen. Heile spelet:

**♠KQ632**  
**♥65**  
**♦KQ4**  
**♣A54**

**♠94**  
**♥Q10874**  
**♦10975**  
**♣87**

**♠8**  
**♥KJ2**  
**♦AJ2**  
**♣QJ10963**


**♠AJ1075**  
**♥A93**  
**♦863**  
**♣K2**

nummer tri. Sistnemnde par delte fyrstepllassen på butlaren med Tommy Kristiansen og Roger Fagerdal.

I fylgjande spel frå den siste av dei ti innleiande kampane, viste nettopp Tommy Kristiansen kvifor han fortente å vinne denne tevlinga:

**♠A**  
**♥QJ542**  
**♦10762**  
**♣Q82**

**♠Q1096**  
**♥K987**  
**♦Q4**  
**♣1073**



**♠7542**  
**♥6**  
**♦AKJ53**  
**♣J94**

**♠KJ83**  
**♥A103**  
**♦98**  
**♣AK65**

Etter grandopning, overføring til hjerter i nord og ei utspelsdirigerande dobbling i aust, vart Kristiansen i sør speleførar i 4 hjerter. Ruter dame kom ut, og vart stukke over av aust som òg tok ein andre ruter, og så spela liten ruter. Kristiansen stal med hjerter ti, og vest gjorde heilt rett i å kaste eit svart kort for å prøve å sikre seg to trumfstikk. Men då han kasta ein spar i staden for ein kløver, såg Kristiansen sitt snitt til å vinne kontrakten. Han spela spar til esset og liten hjerter til esset, deretter spar konge med avkast av ruter ti i bordet. Hjerter opp måtte vest legge liten på, så dama vann stikket. No kunne Kristiansen spela seg heim i kløver og stela ein spar. Då vest måtte fylge både på kløver dame og kløver konge, kom det tiande stikket en passant på hjerter knekt, idet Kristiansen i stikk tolv fekk spela eit svart kort mot bordet.

Spelet er saksa frå den glimrande nettsida til min makker Kolbeinsen, bridge1.no, der mellom andre han og Arild Jakobsen skriv med glimt i auga om bridgen i regionen.



oppgåve som bør vera planke for garva spelarar, men er fin trening for dei litt ferskare. Spelet er frå den aller siste kampen.


♠A1084

♥102

♦K765

♣A72

♠3  
♥KQ9654  
♦Q104  
♣K84



♠7

♥873

♦832

♣Q109653

♠KQQJ9652

♥AJ

♦AJ9

♣J

Som sør har du vorte kortførar i den glimrande kontrakten 6 spar. Vest spelar hjarter konge ut. Du gjenkjenner vel denne klassikaren? Du har ein tapar i hjarter, og utfordringa blir å unngå ein rutertapar. Det kan du få til med ein finesse, og om den går kan du kanskje til og med få kasta ein hjarter på den fjerde ruteren og få tretten stikk. Men du skal ikkje risikere beit når du har ein sikker veg til heimgang: Du vinn utspelet med esset, tek ut trumfen, spelar kløver ess og kløver til steling, inn igjen i bordet på ny spar, så endå ei kløversteling, før du endeleg frir deg med hjarter knekt. Vest, som er markert med dama, får for denne, men må så spela ruter opp i saksa eller ein rund farge til dobbeltrenons og eit ruteravkast frå handa di.

Med dette var ei svært vellykka tevling over, men det var ganske sikkert ikkje det siste av bridge som blir spela i Statles rorbuer i Mortsund. Det er planar om å omgjera denne jubileumstevlinga til eit årleg arrangement, som bør kunne trekke store skarar om det heile held like høgt nivå i framtida som det på alle måtar gjorde i år. Det er berre å hive seg på flyet eller med Hurtigruta og reise mot midnattssola.



Vinnarlaget frå Mo. Frå venstre Bernt Hagen, Brynjar Karlsen og Tommy Kristiansen. Roger Fagerdal ståande bak



Andre plass til Stein Statle, Are Sivertsen, Peter Marstrander og Espen Torp



Tridje plass til Gunnar Harr, Stig Arne Iversen, Jonny Reinholdtsen og Einar Størkersen



# BRIDGEFESTIVAL FOR BEGYNNERE 2013

**Sett av 1.-3. august 2013 og kom til Fredrikstad for å lære om turneringsspill. Kom alene, eller sammen med makker, alle får spille. Opplev stemningen, spenningen og konkurransen sammen med andre nye turneringsspillere. Minimumsnivået for deltagelse er Spill Bridge 1 eller tilsvarende nybegynnerkurs.**

## Info/Påmelding

**TID:** 1. - 3. august

**STED:** Rica City Hotel [1]

**PRIS:** 1490,- inkl. kursmateriell og turneringer

**PÅMELDINGSFRIST:** 10. juli

Fullpension på Rica City Hotel koster kun 1145,- pr person. Deltakere som ikke bor på hotellet betaler to dagpakker á kr 390,-.

**Påmelding:** [bridge@bridge.no](mailto:bridge@bridge.no)

## Hvem passer Begynnerfestivalen for?

Begynnerfestivalen er et tilbud til deg som har lite eller ingen erfaring med turneringsspill. Vi prøver forskjellige turneringsformer og spiller med forskjellige makkere. Kompetente bridgelærere underviser i relevant teori knyttet til turneringsspill. Profesjonell turneringsleder og hyggelige bridgelærere bidrar til at du får akkurat den veiledninga du trenger i løpet av festivalen.

## Hvordan takle turneringsspill?

I turneringsspill opplever mange ferske spillere at motparten er mer aktive i meldingsforløpet. Noe fokus vil være på forsvar mot innmeldinger, hva du kan be om forklaring på under meldingsforløpet, når skal du tilkalle turneringsleder og andre praktiske ting knyttet til å spille turnering.

## Trivel og læring

Trivel og læring er gjennomgangstonen på festivalen. På begynnerfestivalens andre dag kåres årets triveligste makker, triveligste motspiller og årets nykommer. Vi samles til felles måltid og hygge. Lørdag arrangeres festivalspesial for ferske turneringsspillere. Da kastes du ut i det på egenhånd i en "ordentlig" turnering. Fra Begynnerfestivalens egen pulje får du oppleve stemninga og spenninga i Kongstenhallen [2] sammen med flere hundre andre bridgespillere som konkurrer i ulike turneringer samtidig!

## Resten av NM-uka

Alle begynnerfestivalens deltagere inviteres til å delta videre på Norsk Bridgefestival. I samarbeider med klublene i Østfold og Follo arrangeres det turneringer spesielt tilpasset for ferske spillere 4.-6. august. De som ønsker det kan få tildelt fadder/rutinert makker til turneringene mandag 5. og/eller tirsdag 6.

## Velkommen til en trivelig bridgeopplevelse!

Bilder: Stein-Erik Dahl



*Bedriftsmesterskapet for lag blir arrangert hvert år, i allfall inntil videre på Quality Hotell Fagernes, en helg i begynnelsen av mai. Deltakelsen har vært synkende, men det er en trend vi håper vil snu, for de som deltar ser ut til å like seg svært godt, og det er nok mange rundt om i Norge som på sin arbeidsplass, eller i samarbeid med en annen bedrift, kunne fått til et lag og stilt opp. Petter Fossum har levert en liten smaksprøve fra årets arrangement, og alt tyder på at han var fornøyd!*

Av Petter Fossum



# Bedriftsmesterskapet 2013

Undertegnede stilte fra 3. til 5. mai, for første gang, opp i Bedrifts-NM i bridge på Fagernes. Laget vårt representerte Havforskningsinstituttet og Regnskapssentralen, og vi var selvfølgelig veldig spente og usikre på hvordan dette skulle gå med tre urutinerte spillere fra Bergen og et heldigvis solid par fra Arendal. Det viste seg å bli et på alle måter kjempehyggelig og vellykket arrangement.

Vi innledet mot Posten Trondheim, og jeg og makker spilte mot de rutinerte brødrene Bjørn og Terje Aa. Respekten var selvfølgelig til å ta og føle på. Det gikk fint, et beskjedent tap på 12-18. Men deretter begynte vi å vinne og vinne, sju strake seire på rad, og vi ledet hele greia. Har man gli så har man gli, som dette spillet viser:

<p>♠K52</p> <p>♥Q865</p> <p>♦75</p> <p>♣10832</p>	<p>A circular diagram with four points: North (N) at the top, South (S) at the bottom, East (E) on the right, and West (W) on the left. The letters N, S, E, and W are placed above, below, to the right of, and to the left of the center point respectively. The letter G is placed at the bottom center.</p>	<p>♠A&amp;QJ743</p> <p>♥K3</p> <p>♦A109864</p> <p>♣ -</p> <p>♠1098</p> <p>♥J1042</p> <p>♦QJ</p> <p>♣AJ74</p>
---	---	--

♠A6  
♥A97  
♦K32  
♣KQ965



Gull til Norsk Bridgeforbund. Fra venstre Are Utvik, Harald Berre Skjæran, Knut S. Brinchmann, Nils-Otto Eliassen og Sten Bjertnes

Foto: Svein Erik Dahl



Spillerne fra Havforskningsinstituttet og Regnskapssentralen anbefaler Bedriftsmesterskapet! Fra venstre Petter Fossum, Arild Folkvord, Hans Victor Koch, Tor Birkeland og Øyvind Norgren

Makker åpner med 1 NT (15-17), og jeg satt i nord med den spennende 5-6-hånden. Jeg visste ikke hvordan jeg skulle få vist toseteren, så jeg overførte til spar. Deretter burde jeg vel ha meldt ruter, men jeg hoppet i stedet i 4 grand, Blackwood. Jeg fikk vite om to ess, håpet inderlig at det var hjerter og spar og la kontrakten i 6 spar. Makker fikk kløver ut til røff, og spilte spar ess og ny spar, stukket med kongen i vest. Hjerteretur gikk til kongen, deretter ut med tr(i)umfen. Nå var det bare å finne ruteren, og det greide makker, for som sagt: Har man gli så har man gli. 980 var en ensom score i salen; de som kom nærmest var tre par som meldt og vant 6 ruter.

Vi overnattet på andre plass i en helt euforisk stemning, men "blåsøndagen" med to grove tap fikk oss ned på bakken igjen. Selv om avslutningen var grei med et beskjedent tap og en ditto seier, ble det til slutt en sjunde plass blant de 14 lagene.


Gratulerer til vinnerne, som passende nok ble Norsk Bridgeforbund, representert ved Harald Skjæran, Nils-Otto Eliassen, Sten Bjertnes, Are Utvik og generalsekretær Knut Brinchmann. De kan ikke bare å organisere bridge, de kan å spille også! Andre plass gikk til kombinasjonslaget KDS og Øberg verktøy, mens Posten Trondheim kapret den siste pallplassen. Gratulerer også til dem. Dyktig turneringsleder var Sigmund Bakke.

Vi var alt i alt veldig fornøyde, både med vår egen innsats og med hele arrangementet, og kommer gjerne tilbake igjen til neste år. Bedriftsmesterskapet anbefales på det varmeste!

## Sluttresultat, de over middels:

<b>1</b>	<b>244</b>	Norsk Bridgeforbund	Skjæran - Eliassen - Brinchmann - Bjertnes - Utvik
<b>2</b>	<b>235</b>	KDS/Øberg Verktøy	Kjær - Bergheim - Øberg - Hogstad
<b>3</b>	<b>235</b>	Posten Trondheim	Aa - Aa - Langørgen - Helmersen
<b>4</b>	<b>230</b>	Axia	Feilberg-Jacobsen - Johansen - Fjæstad - Furunes
<b>5</b>	<b>227</b>	Regnskapsservice/TV Invest	Rynning - Thorén - Nordby - Vigmostad
<b>6</b>	<b>224</b>	Industrigutane Høyanger	Høyvik - Råsberg - Stølen - Kleiven
<b>7</b>	<b>205</b>	Havforskningsinstituttet/Regnskapssentralen	Birkeland - Norgren - Fossum - Folkvord - Koch

# Tynt Nordisk for Noregs opne lag



I slutten av mai drog Noreg til Nordisk meisterskap på Island som tittelforsvararar i open klasse. Diverre kom ikkje laget att med nye gullmedaljar. Ikkje medaljar i det heile, rettare sagt. I år vart Noreg berre nummer fire.

Sju par inngår i den landslagstroppen Noregs lagkaptein Christian Vennerød har teke ut, og mellom desse sju vil også laget til neste sumars EM for nasjonslag bli å finne. Tri par fekk reise til Island. Berre éin av spelarane har tidlegare vore på det norske opne laget, Terje Aa, og han figurerte her i den forholdsvis nye parkombinasjonen med Allan Livgård. Espen Erichsen – Erlend Skjetne spela på lag med Livgård – Aa då dei vann fyrstedivisjon tidlegare i år, og var også tekne ut til Nordisk. Det tridje paret, Kurt-Ove Thomassen – Svein-Gunnar Karlberg, har spela lenger i lag, men har byrja ei større satsing i det siste. Nokre andre par frå landslagstroppen reiste til Bridgefestivalen i Tallinn nemnde helg i slutten av mai, og gjorde det forholdsvis heiderleg, medan det i Nordisk altså enda med ein skuffande fjerdeplass.

Meisterskapen fann stad i Keflavík rett i nærleiken av Islands hovudflyplass, ikkje langt frå Reykjavík. Ein forholdsvis traurig småby, det må vera lov å seia, men dverre kan ein ikkje skulde fadesen på dette. Riktig nok gjekk det greitt med Noreg i ein periode: Det vart spela dobbel serie, og etter eit innleiane tap mot Danmark fylgte tri strake sigrar mot høvesvis Finland, Sverige og Færøyane, den siste av dei på formidable 20-0. Færøyane var riktig nok den klåre

jumbokandidaten alt på førehand, og sjølv om det er ein viktig eigenskap å kunne hente maksimalt med poeng mot dei veikaste laga, bør ein neppe briske seg for mykje med resultata imot dei. Etter den kampen gjekk det i grunnen därleg, niðr ok norðr, kan ein kanskje seia, med Noreg. Det vart berre éin siger til, i returoppgjerset mot dei hyggelege karane frå Færøyane, medan serleg dei to tapa mot Island, båe kringkasta til heile verda på BridgeBase Online, var bitre piller å svelgja. Island var vel å merkje dyktige i denne tevlinga, og mot slutten var det liten tvil om at dei ville vinne. Danmark på andre plass var dei einaste som heldt noko lunde fylgle.

Så kva gjekk gale for Noreg? Lite utanom det vanlege, vil eg seia: Uflaks på nokre spel må ein nesten rekne med, og den slags jamnar seg ut, det er alle feilvurderingar og regelrette egg som i botn og grunn avgjer. Ein kan fabulere i det vide og breie om gode avtaler og makkerskapskjemi, men det var ingen av para som hadde nemneverdige systemmisforståingar på Island, og alle var gode vene, men det hjelper i botn og grunn lite når alskens individuelle feil kjem som perler på ei snor – dei kan makker aldri redde ein ifrå. Men i rettferds namn bør det seiast at Allan Livgård og Terje Aa spela vesentleg betre enn dei


andre para i denne tevlinga. Med 0,67 i snitt vann dei trass alt butlaren, og sjølv om mykje av plussen kom frå dei to kampane mot Færøyane, må ein seia at dei presterte greitt. Erichsen – Skjetne byrja brukbart, men spela minus i dei fire siste kampane sine, og enda på -0,09 i snitt. Karlberg – Thomassen briljerte heller ikkje med -0,60, men dei spela vel å merkje ingen av kampane mot Færøyane.



*Det heldigaste biletet av det norske herrelaget på Island. Frå venstre Kurt-Ove Thomassen, kaptein Christian Vennerød, Erlend Skjetne, Espen Erichsen, Allan Livgård, Svein-Gunnar Karlberg og Terje Aa*


La oss eksemplifisere problema litt.

Også underteikna og Espen Erichsen kan bidra med eit og anna godt, aggressivt spel som til dømes det fylgjande, frå fyrste oppgjer mot Finland.



Etter innleiinga 1 spar – 2 hjarter; 2 spar – 3 hjarter, melde Erichsen i nord 4 kløver. Eg hadde inkje rutercuebid og sa 4 hjarter, men med sekkskorts spar, to trumfhoneørar og singel ruter såg Erichsen potensialet i korta sine og sa 4 spar. Eg melde 5 kløver, Erichsen 5 ruter og eg 6 hjarter, som var ein glimrande soneslem som berre to par i salen fann, og som i praksis var enkel å spela heim ved å stela god sparen. Med trumf ut må ein ta kløverfinessen når sparen ikkje sit, men ein blir tvungen til å ta den gjennom vest, og det går bra det òg.

Men så kompenserer underteikna vakkert med eit spel som dette, frå den andre kampen mot Island:



Sør opnar med 1 grand, 14-16, nord hoppar til 3 grand, og sjølv med 16 prikkar har eg inga aning melding enn pass i aust. Meldingsforlaupet går identisk på det andre bordet, og den islandske vest veit ikkje betre enn å spela sine lengste farge ut, fire beit. Erichsen har derimot lese teorien og veit at sparutspel frå tiaren sjette på ei inntakslaus hand etter dette meldingsforlaupet nok er imot oddsen, så han prøver å finne sin kjære makker i hjarter. Eg vinn hjarter knekt med kongen og returnerer sløvt ein hjarter, makker trefte meg trass alt i femkortsfargen min. Dimed har sør ni kabalstikk ved å presse ut kløver ess, og for å toppe audmjukinga skvisar han meg i spar og ruter for det tiande. Alt i fyrste stikk veit eg at makker ikkje kan ha fleire honnørpoeng her. Motspelet mitt kan for så vidt vera riktig om

Erlend Skjetne




Svein-Gunnar Karlberg



speleførar har konge, dame blokk i kløver, men sjølv då kostar det ingenting å leggje ned spar ess for å sjå om makker kan gje meg eit styrkekast. Det gjer han no, og eg held fram med spar dame for tri beit og berre 2 IMP ut i staden for ein utgangssving ut. Det finst inkje forsvar.

Karlberg – Thomassen kjem stundom med spel som det fylgjande:




Thomassen opna 1 ruter, vest kom inn med 1 hjarter, Karlberg dobla og letta Thomassens 1 grand til 2, som igjen vart letta til 3. Vest spela hjarter ut til knekten i bordet, Thomassen dukka ruter åtte rundt. Då vest forståeleg nok ikkje skifte kløver, men heldt fram med hjarter, var det duka for eit vakkert sluttspel. Hjarter ess vann stikket, aust kasta spar. Ruter til esset, og på ny ruter kom aust inn. Han vred spar ti, og Thomassen las sitsen glimrande då han ikkje prøvde knekten, men stakk med esset og drog to ståande ruter og hjarter konge. Aust kan ikkje

Allan Livgård




kaste kløver knekt, for då går det kløver til tiaren som krev esset, men å kaste spar hjelpte han heller ikkje: Thomassen spela spar knekt til kongen og ny spar, og aust måtte gje bordet det niande stikket for kløver konge. Soneutgang i hus på dei korta der, det gjer seg bra i lagkamp.


Men så skjer dette:



På båe bord opnar aust veike 2 hjarter og sør melder inn 2 grand. I ope rom vel den finske vest å melde 3 kløver over 2 grand, ei typisk utspelsdirigerande melding, og med hjarter ut greier Erichsen, som veit at aust må vera kort i kløver, å vinne ti stikk gjennom ein intrafinesse i ruter: Han dukkar første hjarter og spelar ruter til niaren og tiaren, vinn neste hjarter og dreg ruter dame som krev både kongen og tiaren. Dette er aktuelt òg ei form for safespel, ettersom det maksimerer sjansane for å halde aust med den godspela hjarteren ute av spelet. Men svært fåe i salen fann denne speleføringa, mange gjekk beit i 3 grand. Kven veit om den finske sør mot Karlberg og Thomassen ville greidd prøva, eg har mine tvil, men etter 2 hjarter frå Karlberg, 2 grand inn, 3 hjarter frå Thomassen, negativ dobling i nord og 3 grand i sør, vel Karlberg nokså uforståeleg å stampe i 4 hjarter. Det kostar 800, og 630 frå det andre bordet blir plutsleger eit minusspel.

Livgård – Aa bør heidrast for eit spel som det fylgjande:


♠9764	♠AK82
♥A5	♥98
♦Q972	♦K65
♣K97	♣QQJ86
	
♠QJ53	♠10
♥KJ10	♥Q76432
♦43	♦AJ108
♣10542	♣A3



Kaptein Christian Vernerød gjør ein god jobb for det norske landslaget. Ved frukostbordet siste dag tok han til og med på seg nokre av Gunn Tove Vist sine spesielle lausnaglar, med norske flagg på, for å motivere og inspirere laget og psyke ut alle motstandarar. Men akk, det var forgjevest

Medan eg var mellom dei heldige som fekk spela – og trakk på meg – 2 spar etter å ha opna 1 kløver i aust, greidde jo sume å koma seg med eit stykke i hjarter eller ruter. Men det ingen kan ha oppdagat bortsett frå Livgård og Aa, var at 4 hjarter jo er ein glimrande utgang. Aa melde inn 1 hjarter over 1 kløver, og høyrd makker redoble for å vise ein hjarterhonnør då vest dobla. Over 1 spar i aust såg han potensialet i 6-4-handa si, gav blaffen i ein litt tynn hjarterfarge og hoppa til 3 hjarter. No var ikkje Livgård sein om å lette til utgang. Vest dobla, men det fanst inga beit, 590 stod einsam over mange gonger 170 i rekneskapen.

Det er litt vanskelegare å finne noko graverande å kritisere Livgård – Aa for, dei var som sagt eit par hakk betre enn oss andre i denne tevlinga. Men ein må seia at lykka var betre enn forstanden for unge Livgård i fylgjande spel.

♠J92	♠10873
♥J1073	♥852
♦10	♦873
♣J8642	♣Q75
	
♠ -	♠AKQ654
♥AKQ964	♥ -
♦J542	♦AKQ96
♣K109	♣A3

Terje Aa i sør opnar 2 kløver, noko ein må kunne seia at han har til, og den danske vest set maksimalt press ved å bykse til 4 hjarter, ei melding eg har sansen for. Livgård fylgjer systemet når han doblar i nord, ei melding som viser ei elendig hand, kringom 0-4 honnørpoeng utan ess eller konge. Aa bryr seg naturleg nok ikkje så hardt om dette, og melder 4 grand, avtalt som to stader å spela. Får han 5 kløver landar han vel sikkert berre på 6 spar, men den store fordelen kjem om makker kan melde 5 ruter, toleranse for ruter og spar, men ikkje for kløver – då ligg 7 ruter i disken. Men kva gjorde Livgård? Med

hjarterhald og lite anna braut han alle lover og reglar og passa 4 grand. Det stod jo for så vidt, men 430 er ein kanskje ikkje veldig nøgd med når ein ser på sør og nords samla ressursar her. Utruleg nok vart det plusspel, då danskane på det andre bordet heiste seg opp i 7 spar, som var daudt.

Men no vart det mykje fokus på det negative her. La oss heller fokusere litt på det positive, som er at utlendingane òg gjer grove feil, jamvel om dei hamnar framfor oss på resultatlista.

Ein finsk bronsemedaljør, til dømes, feila frykteleg i fylgjande slem i siste kamp:

<b>♠K7</b>	<b>♥AQ8</b>	<b>♦AK6</b>	<b>♣A10732</b>
<b>♠109653</b>	<b>♥K92</b>	<b>♦10</b>	<b>♣QJ86</b>
<b>♠AJ82</b>	<b>♥1043</b>	<b>♦QJ95</b>	<b>♣K5</b>
<b>♠Q4</b>	<b>♥J765</b>	<b>♦87432</b>	<b>♣94</b>


Etter innleiinga 1 spar i sør – 2 kløver i nord; 2 grand, hoppa nord til 6 grand. Vest hadde eit utspelsproblem, og valet fall til slutt på hjarter to. Eg veit ikkje kva finnen tenkte på då han bad om liten hjarter frå bordet. Sjølv om den krev kongen har jo sør berre ti stikk, og det er altså ikkje nok med sparkutten i tillegg. No fekk aust for knekten i fyrste stikk, og speleførar ville gått beit i fleire tilfelle der kløveren sit 3-3. Men mirakuløst nok var dette den vinnande lina, då han no var tvungen til å knipe att augo og ta både hjarterkappen og sparkappen, og så skvise vest i svart til slutt. Då han endeleg våga å opna augo att, låg tolv av korta hans med langsida opp. For eit svinehell!

Ein dansk sylvmedaljør i Nordisk, og Vanderbiltvinnar, produserte fylgjande elendige motspel – og her var lagnaden så rettferdig at resultatet faktisk vart ein katastrofe:

<b>♠1082</b>	<b>♠64</b>
<b>♥K1097</b>	<b>♥AQ832</b>
<b>♦Q107</b>	<b>♦96</b>
<b>♣A74</b>	<b>♣Q532</b>
<b>♠K9753</b>	<b>♠AQ</b>
<b>♥65</b>	<b>♥J4</b>
<b>♦84</b>	<b>♦AKJ532</b>
<b>♣K109</b>	<b>♣J86</b>

Sør opna 1 ruter, og etter 2 spar inn frå vest og dobbling i nord, hoppa han til 3 grand. Det gjekk to passar til aust som var på høgda og dobla for iallfall å få makker til ikkje å spela spar ut. Det bed nok snarare om hjarter. Doblinga er risikabel, men det er verre å passe i alle slike tilfelle der kontrakten veldig fort heng på utspelet, og sjå på at makker bommar fatalt kvar bidige gong. Junior i aust fekk hjarterutspelet sitt til dama, og ville enkelt forseglia kontraktens lagnad om han hadde skift kløver no, men det var jo heilt naturleg å skifte spar. Sør la dama og senior i vest kom inn. Han ser jo no at sør høgst truleg har mange ruterstikk i ermet. Han veit også at speleførar har hjarter knekt, og at han sjølv neppe har fleire inntak på handa si. Å spela spar har altså ingenting for seg, og hjarter må òg vera fånyttes når det etablerer to stikk i bordet. Viss beita skal finnast må det naturlegvis vera i kløver. Men vest spela meir hjarter, og då vart det til og med overstikk.

Ein islandsk gullmedaljør presterte fylgjande kunststykke:



Han opna 1 grand i sør og fekk 3 grand frå makkeren i nord. Vest var ikkje synsk og byrja med ein liten kløver, slik at åttaren vann fyrste stikket. No må det jo gå an å telja stikk: Ein har tri sideess og har fått fire kløverstikk. Det trengst to stikk til, og dei kan naturlegvis finnast i ruter, men diverre må ein nesten alltid gje bort to stikk for å få sett opp denne fargekombinasjonen, og i den augneblinken forsvertet kjem inn og skifter hjarter er ein beit. Sparen vil derimot veldig ofte kunne produsere dei to manglande stikka utan at motparten treng å koma inn meir enn éin gong. Altså er det riktig å dra spar dame i stikk to, og når denne tapar til kongen prøve å kutte opp knekten etterpå. Dette går naturlegvis til skogen slik det sit. Men ein har iallfall prøvd, i motsetnad til islendingen som spela liten ruter i andre stikk, fekk hjarterskiftet, gjekk beit – og ville gått beit sjølv om aust skulle hatt noko så sympatisk som

kongen tridje i spar, til dømes. Berre flaks at det ikkje kosta ein utgangssving.

Kva er så poenget med all denne sjikanen? Fyrst og fremst å bringe fram i lyset eit par instruktive spel. Men òg å få understreka eit poeng som er velkjent, men kanskje likevel for lite nemnt når ein diskuterer uttak av landslag og liknande: Alle, jamvel dei beste gjer feil, til og med idiotiske feil, men det handlar altså om å redusere feilprosenten til eit minimum. Per dags dato veit eg ikkje om andre nordmenn enn dei som altså no har søkt bridgeasyl hjå monegassarane, Helgemo og Helness, som faktisk evnar å halde feilprosenten låg over lengre tid i harde tevlingar. I Norden elles har ein berre nokre fåe par som overhovudet er i nærleiken av eit stabilt internasjonalt nivå, nokre svenskar som ikkje var på Island, og kanskje islendingane Jón Baldursson – Þorlákur Jónsson, danskane far og son Bilde om ein legg godviljen til ... Det er utvilsamt mange nordmenn som i teorien kunne nådd opp til eit tilsvarande nivå som desse – personleg vil eg serleg nemne Espen Lindqvist og Boye Brogeland, om dei hadde byrja spela aktivt og målretta i lag igjen – men i augneblinken er det nok ganske enkelt for fåe her i landet som satsar seriøst nok. Viljen står det neppe på, og mange spelar utvilsamt mykje, men ein må jo spela mot dei aller beste, i utlandet, og det er det så visst ikkje mange nordmenn som gjer. Så lenge det blir verande slik, har eg diverre vanskeleg for å tru at vi i nær framtid vil få sjå Noreg på toppen av resultatlistene i store internasjonale mesterskapar igjen, som til dømes EM neste sumar. Men andre må gjerne vera meir optimistiske enn eg er, det kan jo hjelpe.

## Sluttresultat

<b>1</b>	<b>137,10</b>	<b>Island</b>	A Jørgensen - B H Einarsson - G Snorrason - R Hermannsson - J Baldursson - Þ Jónsson
<b>2</b>	<b>129,17</b>	<b>Denmark</b>	D Bilde - M Bilde - M Schultz - L Blakset
<b>3</b>	<b>108,07</b>	<b>Finland</b>	K Patana - J Granström - K Koistinen - S Niemi
<b>4</b>	<b>95,50</b>	<b>Noreg</b>	T Aa - A Livgard - K O Thomassen - S G Karlberg - E Erichsen - E Skjetne
<b>5</b>	<b>74,29</b>	<b>Sverige</b>	J Selberg - O Wademark - A Jansson - D Sivelind - F Wrang - J Sylvan
<b>6</b>	<b>55,87</b>	<b>Færøyane</b>	J Mourtisen - E Sondum - Á M Dam - S Lassaberg - D P Mohr - A Mikkelsen

SÅRPSBORG BK OG FREDRIKSTAD BK INVITERER TIL:

# FOSS

FREDRIKSTAD & SÅRPSBORG STORTURNERING  
DEN 7/9 OG 8/9 2013

Turneringene spilles på Musikkhuset, Greåker  
fra kl. 10.00 til ca. kl. 18.30 begge dager.

Vi gjentar siste års opplegg, som har gitt flott deltagelse. Turneringen er lagt opp som to selvstendige endags monrad parturneringer, hver med egen premierekke og med FP-tildeling standard + bonus. "Rosinen i pølsa" blir at par som uendret deltar begge dager får noe reduksjon i startavgift, samt mulighet for også å få samlepremie basert på prosentscore totalt over de to dagene.

Kun pengepremier! Vi kjører BBO-overføring fra lederbordet hele turneringen.

Klubbene ønsker velkommen, spesielt alle våre trofaste par fra tidligere år med FOSS, Fredrikstadtturneringen og SA-cup, og håper også i år på solid både kvantitativ og kvalitativ deltagelse. Vi setter pris på rask påmelding, senest innen 5/9!

Vanlige regler med totalt forbud mot alkohol (også medbrakt) hele turneringstiden. Røyking i spillelokalet er ikke tillatt. Mat og drikke fås kjøpt i spillelokalet.

Innbydelse legges ut på nett, og det blir påmelding via  
NBF- påmeldingsmodul eller direkte til  
Tore Farbrot, FBK, tlf. 979 78 099, e-post [tofarbr@gmail.com](mailto:tofarbr@gmail.com).

# Sølv til damene i Nordisk mesterskap på Island

Avt Per Bryde Sundseth



av Per Bryde Sundseth

**Allan Livgård hadde tatt ut tre par fra landslagsstallen til Nordisk på Island. Ann Karin Fuglestad – Marianne Harding, Stine Holmøy – Gunn Tove Vist, Sølvi Remen – Siv Thoresen, virket som et slagkraftig og godt lag som burde ha alle muligheter til å gjenta bedriften fra 2007 og 2009 med å bli nordiske mestre. I stedet ble det en gjentakelse fra 2011 med sølvmedaljer.**

Allan skulle delta i åpen klasse, og kunne følgelig ikke ha ansvaret for damelandslaget. Per Bryde Sundseth

ble forespurt, og han påtok seg oppgaven som kaptein for laget.

Reisen og innkvarteringen gikk greit selv om både damelaget og gutta ble innkvartert på et hotell fem minutters gange fra spillestedet.

Med bare fire nasjoner (Finland og Færøyene deltok ikke i dameklassen) ble det spilt dobbel Round Robin. Jentene startet bra mot Island, tapte andre kampen mot Danmark, men vant så de fire neste kampene så klart at det ble en klar seier i Round Robin. Med den nye VP-skalaen ble gjennomsnittet på 14,8 VP mot danskenes 10,26 VP. Vi skulle da møte Danmark i en finale over 4 x 16 spill. Ettersom vi slo dem i grunnspillet, fikk vi dessuten med oss 6 IMP i carry-over.



Siv Thoresen og Sølvi Remen

Den første kampen endte med en klar norsk seier 38-9, men så var det dessverre slutt. Den andre kampen endte 37-67, noe som betyddet at vi ledet med 5 IMP før søndagens to kamper. Begge disse endte dessverre med klare tap.

Innsatsen til laget var gjennomgående bra. Humøret og samholdet i laget var bra, og det skulle ikke mye til før det hadde ordnet seg. Parkombinasjonene og laget har mye inne og det skal bli spennende å følge laget fremover med en ny landslagskaptein som Forbundet jobber med å få på plass.

Et spill fra turneringen, fra siste kamp mot Danmark i grunnspillet.

<b>♠106532</b>	<b>♥753</b>	<b>♦953</b>	<b>♣K4</b>
<b>♠AK94</b>	<b>♥QJ109</b>	<b>♦J104</b>	<b>♣108</b>
<b>♠ -</b>	<b>♥QJ87</b>	<b>♦AK8</b>	<b>♣A</b>
<b>♠ -</b>	<b>♥AK8</b>	<b>♦AKQ42</b>	<b>♣ -</b>
<b>♠ -</b>	<b>♥642</b>	<b>♦87</b>	<b>♣QJ976532</b>

Marianne åpnet med sine 23 honnørpoeng med 1 ruter. Hun regnet det som sikkert at noe kom til å skje, og det gjorde det. Den danske syd spratt direkte i 5 kløver, og Ann Karin fikk et problem. De bruker negative doblinger til 4 spar, så istedenfor en dobling valgte hun 5 ruter. For spillere som bruker 5-korts major og beste minor virket nok dette underlig, men Marianne og Ann Karin åpner 1 kløver på til dels kort kløver, slik at 1 ruter veldig ofte er fem. Da var ikke Marianne sen om å legge sluttkontrakten i 7 ruter, en

kontrakt som danskene også fant. Det kan nevnes at de norske herrene bare kom seg i 6 spar, men de vant spillet da øst – vest på det andre bordet buklandet i 7 hjerter, sør Lightner-doblet og fikk spar ut til stjeling! 7 spar står imidlertid også med 5-0-sitsen imot, og 7 grand er naturligvis helt nedlegg.

Oppholdet i Keflavík sluttet med en noe pinlig episode: Den norske kontingenenten var lovet skyss med buss fra hotellet de bodde på til et slags vikingskip der premieseremonien skulle foregå. Vakkert pyntet og med humøret på topp satt nordmennene og ventet i lobbyen på hotellet, og fikk per telefon gjentatte forsikringer om at bussen var rett rundt hjørnet. Men den kom aldri, og dermed gikk Norge glipp av premieseremonien. Bare Remen og Thoresen, som ble med bussen fra dens egentlige avgangssted ved spillehotellet, kom seg i vei. De måtte altså motta alle damelagets sølvmedaljer alene. Dette må ha fortonet seg for de andre deltakerne som uhøflig fra de norske lagenes side, men det ble kjapt levert offisiell klage, og islandingene bad om unnskyldning for episoden. Det er ingen stor sak, men det forklarer i det minste hvorfor vi ikke har bilder fra medaljeoverrekkselen!



Kaptein på damelaget,  
Per Bryde Sundseth



Marianne Harding og Ann Karin Fuglestad



# Gull til Noreg U25 i Nordisk på Hamar

av Erlend Skjetne

I siste halvdel av påska vart Nordisk meisterskap for juniorlag arrangert på Olrud. Til saman ni lag frå Noreg, Sverige, Danmark og Finland deltok, i dei tri klassane U25, U20 og jenter. Det norske U25-laget stakk av både med NBU-trofeet, som går til vinnarane av Round Robin, og gullmedaljane for finalesigeren mot Danmark.

Meisterskapen gjekk på Rica Hotell Hamar etter den tradisjonelle Olrud-påska. Onsdagen før skjærtorsdag vart det arrangert ei opningstevling der alle interesserte, juniorar som seniorar, kunne delta. 28 par møtte opp og spela partevling med butlarscoring. Dei danske juniorane Emil Jepsen og Dennis Bilde vann, Jan Olav Røseng og Olav Molberg frå nærområdet vart nummer to, medan underteikna og Tor Eivind Grude, frå det norske U25-laget, kneip tridjepllassen.

I hovudturneringa stilte Noreg med lag i alle dei tri klassene. På U25-laget spela altså underteikna og Tor Eivind Grude i lag med Kristian Barstad Ellingsen – Harald Eide. På U20-laget spela Espen Flått – Christian Bakke og Marcus Scheie – Joakim Sæther. Coach og kaptein for desse to laga var

høvesvis Virginia Chediak og Lars Eide. Jentelaget var fem stykk, parkombinasjonane litt rullerande: Stine Frøyse, Thea Hove Hauge, Marte Haugen Klingenberg, Charlotte Mikkelsen og Sofie Græsholt Sjødal, med Rosaline Barendregt som coach og Sven-Olai Høyland som kaptein.

Sverige stilte lag i U25 og U20, Danmark i alle tri klasser, Finland berre i U20.

Formatet var såleis at ein fyrst spela åtte rundar, alle mot alle. Dei to beste laga i kvar av dei tri klassane ville deretter møtast i ein finale. Det innebar då at dei to jentelaga var førehandskvalifiserte for å spela ein finale seg imellom, medan det i U25 ville vera eitt lag, i U20 to lag som ikkje kom til nokon finale og ville måtte spela ein slags trøysterunde.



Også om kveldane spela den norske juniorkontingenten kort, her ein runde durak i foajeen ...




... når det då ikkje gjekk i BBO på hotellromma

Turneringa var spela med den nye VP-skalaen, frå 0-20 VP med tallause desimalar.

For Noreg U25 var Round Robin ein svært komfortabel affære. Vi møtte Danmark U25 allereie i fyrste runde, og visste at det var ein viktig kamp, for dei var naturleg nok rekna for det sterkeste laget ved sidan av oss og Sverige U25. Kven som er best av Danmark og Sverige U25 er vanskeleg å seia: På Danmark spelar nybakt Vanderbilt-vinnar Dennis Bilde med sin dyktige makker Emil Jepsen, utvilsamt eit sterkt par, men dei to andre para er truleg vesentleg veikare enn alle dei tri para på Sveriges lag, som er jamt gode. Desse to laga vil, etter kva eg forstod, sjå identiske ut i EM, så det skal bli interessant å fylgje dei der. Men i denne fyrste kampen i Nordisk var Noreg U25 suverene, og vann heile 16,72 – 3,28. Laget tapte ingen kampar i Round Robin, det dårlegaste resultatet var faktisk uavgjort, 10-10, mot det norske U20-laget.

Men la oss ikkje føregripe hendingane; fyrist eit par døme frå den svært interessante fyrste kampen. Korleis spelar du 4 hjarter på desse korta, utan nokre meldingar frå motparten?

♠3  
♥AQ65  
♦AKQ4  
♣KQ92




♠K5  
♥9732  
♦73  
♣A8543

Makkeren din i nord opnar 1 kløver, du svarar 1 hjarter og nord viser kortfarge i spar og sleminvitt med 3 spar. Du slår av i 4 hjarter, det går pass rundt, og kløver seks kjem ut frå vest. Kva no?

Utspelet liknar ein singelton, men du har massevis av ressursar og toler to hjartertaparar i tillegg til spartaparen. Det du må unngå er at motparten får to kløverstelingar og eit trumfstikk, eventuelt to trumfstikk og ei kløversteling. Eg trur det beste då er å spela hjarter ess og hjarter, som vinn mot alle 3-2-sitsar i trumf. Dette går gale om vest har firekorts trumf og singel kløver og aust spar ess, slik at vest vinn andre trumfrunde, spelar makkeren inn i spar og får seg ei kløversteling. Heile spelet:

♠3  
♥AQ65  
♦AKQ4  
♣KQ92

♠J98762  
♥84  
♦J985  
♣6



♠AQ104  
♥KJ10  
♦1062  
♣J107

♠K5  
♥9732  
♦73  
♣A8543

Noko skuffande valde både speleførarar i ramakampen mellom Danmark og Norge, å sleppe kløveren til esset og spela hjarter til dama. No synst eg det var ei smal sak å gje makker ei kløversteling, og så vente på eit stikk for spar ess og hjarter knekt, ei beit. Danske Emil Jepsen spelar derimot hjarter knekt attende etter å ha fått for hjarter konge, så det vart ti stikk og 12 IMP til Noreg.

I fylgjande store spel vart det lønsamt å melde forsiktig. Det hender visst det også.


♠AJ853

♥10

♦8

♣AKQ982

♠K74  
♥K9852  
♦A10943  
♣-



♠Q1092

♥AJ4

♦KQJ752

♣-

♠6

♥Q763

♦6

♣J1098653

I gunstig sone, hadde du meldt inn 3 kløver over opning 1 ruter i aust? Eg hadde nok gjort det. Med singel spar ville eg ikkje uroa meg for mykje for dama fjerde i hjarter, motparten har veldig fort ein høg sparkkontrakt uansett, så då er det greitt å maksimere presset. Det gjorde den talentfulle danske jenta Signe Buus Thomsen mot underteikna og Tor Eivind Grude. Eg sa 3 hjarter, nord kunne nok ikkje tru sine eigne augo, men meldte likevel 5 kløver, og etter to passar sa eg 5 ruter. Makker lyfte til slem, men når det no gjekk to passar kan eg godt forstå at nord tok den billege forsikringa i 7 kløver – det kunne jo godt stå 6 ruter sett frå hans ståstad. Vi dobla og henta 300. Kristian Ellingsen frå Sortland er derimot ein tight spelar, og passa over 1 ruter. Over 1 hjarter i vest kom Harald Eide i nord inn med 2 ruter, som viste

spar og kløver, men då vest dobla nøgde Ellingsen seg med 4 kløver. Emil Jepsen kontrollmelde 4 spar, og over 5 kløver i nord kontrollmelde Dennis Bilde 6 kløver. Jepsen slo av i 6 ruter, men då ingen av nordmennene ville stampe i 7 kløver, måtte det bli gevinstspel til Noreg: Kristian Ellingsen spela kjapt sin single spar ut og fekk ei sparsteling.

Apropos 6 ruter. I det fylgjande spelet frå tridje kamp var det U20-lagets Joakim Sæther som tok vinnande avgjerdta.

♠Q5

♥5

♦A752

♣AKQ982

♠K986

♥AKQ64

♦8


♣J105

♠J10732

♥J732

♦Q3

♣43



♠A4

♥1098

♦KJ10964

♣76

Sæther og makkeren Marcus Scheie spelar ein glimrande, men diverre litt undervurdert konvensjon kalla veike 2 ruter. I dette spelet var dei straks eit hestehovud framfor mange andre, då Scheie kunne opna i nettopp 2 ruter på sørs hand, ei veldig deskriptiv melding. Vest melde inn 2 hjarter, og no såg Sæther det store potensialet i handa si: 5 ruter

Dennis Bilde, dansk stjernespelar og ein veldig hyggeleg fyr



Skulelagets Marcus Scheie og Joakim Sæther, i midten Vicki Chediak




Christian Bakke og Espen Flått i aksjon mot Sverige U20 på BBO

er den sannsynlige endehaldeplassen, for manglar ein ess, konge i spar og hjarter ess vil forsvaret truleg melde 4 major uansett. Men sør har naturligvis lov til å ha to essverdiar for opninga si, og har han dét står det står det lynfort slem! Den aller beste meldinga er kanskje 4 hjerter, splinter, for har sør sparkontroll greier han å hoste opp 4 spar no. Men Sæther visste at 2 grand var krav, og då Scheie letta til 3 grand som syntte maksimum, var han sikker i saka si: Blackwood! Får han 5 ruter, eitt ess, passar han bare. Men no fekk han to, og kunne trygt melde 6. Den kontrakten var utapeleg, men vart ikkje funne av noko anna par i heile salen.

